

Lagsblad for Bondeungdomslaget i Oslo - 86. årgangen

## Selje Røkleivhytta til inntekt for ny Teatersal?

Eitt bidrag som laget sjølv kan setje inn i finansieringa av Teatersal-ombygginga, er inntekta av eit sal av Røkleivhytta. Idéen er kome både frå styringsgruppa, revisjonsnemnda og lagsstyret.

Det har nyleg vore synfaring med takstmann på hytta, og vi vil truleg få taksten før jul. Men sidan den berre gjeld hytta og ikkje heile tomta, må det haldast eigen takst for skogen – kanskje på nyåret, avhengig av føretilhøva.

### Barneteateret

I 2008 har BUL, Det norske Teatret og NU som mål å setje i gang 10 teatergrupper med barn- og ungdom mellom 7–25 år, leia av om lag 15 kunstnarar. Dei blir med på kurs i dans, song, forteljing, laging av kostyme og scenografi, teknikk og utvikle ny dramatik. Arbeidet skal ende i framsyningar i BUL og ved DNT. Gruppene har utspring i utvalde skular, SFO, ungdomsklubbar og organisasjonar som har elevar/medlemmer med bakgrunn frå heile verda.

Prosjektet har møtt stor interesse frå ungdom, skular, organisasjonar og styresmakter. Så langt har initiativtakarane sett av ressursar for 2008. Norsk kulturråd, Framfylkingen LO, Norsk Teaterråd, LNU, Oslo kommune og Alna Bydel er nokre av dei som har vist stor interesse for prosjektet, som er unikt i sitt slag.

Ved å gå for eit eventuelt sal, samlar vi også meir av det vi eig i R8-garden.

Så er det også om å gjere å finne interesserte kjøparar - og da helst meir enn ein.

Det er i det heile mange spennande prosessar på gang. Prosjektet er digert og det er mykje som skal på plass. I midten av januar skal mykje vere klart. Styringsgruppa for Teatersalprosjektet kan kome til å stå for eit lagsmøte på nyåret for å gjere greie for saka.

Nå gjeld det altså å følgje med framover - i ein prosess fram til eit årsmøte som truleg kjem til å bli eit av dei mest spanande på mange år.



### BHAS har kjøpt Husfliden

Siste veka i november kjøpte Bøndenes Hus AS butikken Husfliden, som har vore i vanskar dei siste åra. Den held fram med same namn og vareutval, men nå altså som eit dotterselskap av BHAS.

[Leiarsteigen]

### Rakettane våre

Lagsstyret helsar og ønskjer alle både god jul og ei fredeleg nyttårsheg. I år er det for siste gong lovleg å skyta opp private rakettar. Så kan i det minste vi som bur i tettbygde strok sova godt om natta heretter. Det har vore eit farleg liv.

2008 kjem til å bli eit år med store utfordringar for heile organisasjonen. Det første som skal skje på nyåret er at vi skal ha opp ei heimeside som krev bidrag frå alle særslag og nemnder, dersom ho skal fylle det informasjonsbehovet som finst. Vi ventar også på innspel frå Revisjonsnemnda med von om at vi kan få slanka vekk eitt og anna vi ikkje treng lenger, og få eit litt klarare syn på kva vi eigentleg vil drive med. Vi er i ferd med å bli sentrale medeigarar i eit nytt barne- og ungdomsteater, som vil stille nye krav - m.a. til administrasjon.

Og først og sist: vi skal førebu vedtak på årsmøtet i mars om ombygging av Teatersalen. Det har vore sagt eit utal gonger - men nå rykkjer det nærare og er i ferd med å bli heilt verkeleg.

Vi fyrer altså av den eine rakettten etter den andre. Det er vågalt, men vi tør - fordi det er naudsynt i ei ny tid. Held vi tunga beint i munnen, skal vi likevel kunne sova godt om natta.

High five, bank i bordet, og kross i taket!

Og riktig godt nytt år!

Helsing frå Wenche





## Bjeff:

### Gje ei julegåve – og spar skatt!

Bondeungdomslaget er godkjent som mottakar av gåver med rett til skattefrådrag. Gåver frå kr 500,- til kr 12 000,- kan førast til frådrag på sjølvmeldinga.

Er du glad i laget ditt og gjerne ser at Teatersalen vert pussa opp, kan du sende ei julegåve til Bondeungdomslaget sin konto nr. 8101 08 26705. Dette er ein sperra konto, og det vert ført liste over gjevarar. Merk giroen med "Gåve frå ... (fødselsnummer)".

For kr 5 000,- kan du "kjøpe" din eigen stol i Teatersalen!

Ruth Amdahl

## Vår mann

### Han skapte HEIMEN: AKSEL WALDEMAR JOHANNESSEN

Arnulf Øverland-galleriet i Kristiansund synte i sumar ei utstilling med den "gløynde" kunstnaren Aksel Waldemar Johannessen, som levde i Kristiania frå 1880 til 1922. Han døydde berre 42 år gamal og målarstykkja hans vart gøymt og gløynd, heilt til kunstsamlaren Haakon Mehren for nokre år sidan kom over ein del av arbeida hans lagra i ein låve på Nesodden.

Det er sikkert mange BUL-medlemmer som kjenner til avisordskiftet om dette er god kunst eller ikkje. Den diskusjonen let eg liggje. For oss er det interessant at Aksel Waldemar Johannessen og kona Anna Nilsen hadde nær kontakt med Det Norske Teatret. Dei oppretta systove og atelier, der det vart sydd kostyme til samtlege framsyningar i fleire år, inntil teatret fekk si eiga systove. Her stod Aksel Waldemar og måla mens kona sydde.

Ekteparet spela òg ei viktig rolle i bevaring av norsk tekstil- og nasjonaldraktttradisjon. For dette føremålet skipa dei "Heimen". Gjennom denne verksemda, og arbeidet for teateret, hadde dei og nær kontakt med Hulda og Arne Garborg. Sjukdom råka dei begge to, og han døydde av lungebetennelse 25. oktober 1922. Anna døydde fire månader seinare. Før ho døydde, selde ho "Heimen" til BUL. Ho kontakta også kunstnaren Ola Abrahamsson, og synte ham dei nitti arbeida Aksel Waldemar hadde måla utan at nokon i kunstnarmiljøet i Kristiana hadde visst om det.

Det vekte stor oppsikt da arbeida hans vart synt fram hos Blomqvist 23. januar 1923. Edvard Munch sa om bileta mellom anna: "Noe av det merkeligste jeg har sett", og "det laves ikke bedre bilder i dag". Da utstillinga var over, vart bileta pakka ned og gløymsla senka seg over Aksel Waldemar Johannessen. Det er framleis mogleg å sjå bileta hans på Kistefosmuséet på Jevnaker.

Kari Rysst Paulsen

## Ved vegs ende

### Arthur Byrkjeland

døydde 24. september i år, 81 år gamal. Frå Naustdal i Sunnfjord kom han til Oslo og Bondeungdomslaget i 1955. Det gjekk ikkje lang tid før han var med i Leikarringen og i aktivt nemndarbeid. I 1958 vart han vald inn i lagsstyret, og opp gjennom åra gjorde han mykje godt arbeid for laget. Han var særleg opp- teken av målarbeidet i laget. Han var ei tid også med i Målnemnda. På 80-talet gjorde han i mange år godt arbeid som formann i rådet i Norsk Barneblad.

Arthur hadde også ei lyrisk åre som mange fekk glede av.

I takksemd minnest vi Arthur som den inspirerande organisatoren, gode dansaren og humørspreiaren han var.

Astrid Hernes

## BLS-stoda

### Samarbeid BLS-BHAS?

På leiarmøtet 5. november der 8 av laga var representerte, var det semje om å tilrå at fylkeslaget skiljer ut gardsdrifta i Nordahl Bruns gt. 22. Dette kan skje på fleire måtar, og leiarmøtet set ned ei nemnd som skal greie ut alternativa. Frå BUL er Gunnvald Grønvik utpeika. Denne nemnda skal kome med framlegg til årsmøtet våren 2008 om kva slags eige/ driftsform som vil vere best.

Leiarmøtet bad dessutan om at det i mellomtida blir arbeidd med å finne eit selskap som kan ta over drifta av NB22 på ein måte som fylkeslaget er tent med. Ein aktuell kandidat er Bøndenes Hus AS, som har sagt seg viljug til å ta forvaltingsoppdraget. Dette er formidla til BLS. Svar er ikkje kome til nå.

Leiarmøtet ba også fylkesstyret førebu eit nytt og forenkla lovverk, basert på den konkrete røynda i laget, og ut ifrå kva basisoppgåver fylkeslaget skal ha. Aktiviteten i laga som held til i NB22 har avteke, og ein ser etterkvart det same som vi har sett i BUL: når medlemstalet går ned, kan vi ikkje fylle hundre ombod lenger. Det blir færre til å gjere alt som skal gjerast. Da må lovverket tilpassast nye realitetar.

Utskiljing av gardsadministrasjonen må vere ein del av denne naudsynte slankekur.

W.B.

### Jaysuma Saidy N'Dure frikjent!

4. desember kom den glade nyheita om at AntidopingNorge har lagt bort dopingsaka mot Jays. IL i BUL har heile tida trudd på forklaringa til Jays, og no kan han igjen konsentrere seg om treninga og førebu seg til OL i Bejiing i 2008, kor han vil springe for Noreg!

# Å RAI! Her er det liv!!



Sjå nøye på denne karen - Benjamin Kehlet er ei heil nemnd for seg sjølv. Og spelemann for dei fleste føremål. Nå også med gruppa ØI!  
Foto: Johanne Jeremiassen.

## Leikfesten

i slutten av november er ein av dei gode gamle tradisjonane i BUL. I år gjekk den av stabelen 17. november. Færre framkomte enn på lenge – kanskje 70-80 - kan skuldast at tilskipinga kolliderte med Osloakappleiken.

Vi rekrutterer nye leikfestdansarar og dei trivst med det tradisjonelle repertoaret. Bra jobba av Leikarringen.



## Årets BUL'arar

Ikkje berre var det god graut på samlinga 12. desember, og ikkje berre eit overraskande og feiande innslag av ein

verdsmeister i sekkepipespel (med kongeleg instrument!) Robert Robertson – i år fekk vi også eit muntert innslag med dei første lagsprisane våre.

Her er *Årets Kvirrevirrevitt* Nils Iversen, *Årets Vesle Strikkmotor* Marit Jahnsen og *Årets Potet* Thor Nilsen. Dei andre vinnarane var Klas Ekeland (*Årets Koplar*), Marie Nicolaisen (*Årets Fossefall*), Håvard Thorsby (*Årets Oskeladd*), Olav Aaboen (*Årets Krumtapp*), Unni Helland (*Årets Hønemor*) og Per Lunke (*Årets Luring*). Alle fekk diplom og marsipangris. Slikt må vi finne på meir av! Det kom meir enn dobbelt så mange som i fjor denne kvelden.

## Ein julete og galen kabaret

Ta heile katalogen av juleklisjéar frå englar i skjulet, jordmor Matea, Disney, H.C. Andersen til Reisa til julestjerna, og hiv i gryta saman med Idol, forvirra ambulanspersonale og heil- og halvkongelege; rør godt rundt og dandér kring Astow Ericssons eviggrøne "Julekveld i skogen". Det blir noko til ragu!

På to månader har Spellaget snikra ei salig blanding av slapstick og satire, og tydeleg hatt det ravande morøst. Åkkompagnert delvis av lukkeleg skjerande falsk song - noko anna ville også vore eit alvorleg stilbrot, det skal dei ha. Her tok dei det heilt ut, med "Bambi på glattisen" som eit av høgdepunkta. Det finst gjøglartalent nok i SPL til at dei burde våga seg vidare på denne galeien. Diverre køyrte dei berre denne eine framsyninga 17.12.

## Unni og kongen

På årsmøtet i Norske Idrettsleder-Veteraner 15.10 fekk Unni Helland NIVs ærespris og kongen til bords.

Heile BUL gratulerer!



## Den vakraste marknaden

Songlaget sin julemarknad må vere den vakraste i byen! Den som kom forbi inngangen i R8 denne laurdagen 24.11, blei møtt av flotte juledekorasjonar heilt ute i gata, og nokre handplukka innpiskarsjarmørar med flygeblad nede på Karl Johan. Slikt suger! Eit stort og nyfike publikum blei trekt inn i salen, der ivrige songarar selde heimebakst og heimestrikk, syltetøy og nøkkelringar, cd-ar og julekort, og juledekorasjonar i alle storleikar og fasongar.

Og resultatet? Rundt 40 000 kroner!

## Kyrkjekonsertane

Publikum som benkja seg i Gamle Aker kyrkje på kvelden søndag 2. desember til den andre av to konsertar same dagen, fekk høyra eit songlag i fin form. Brit Karin Wetteland, den faste dirigenten, leidde konserten, som femnde 19 songnummer og toppa seg med fire solonummer. Adams Julsang (betre kjend som O helga natt) og Deilig er jorden vart sunge to gonger. Nynorsk songskatt og jul heng tett saman. Når songlaget syng Kling no klokka, då er det jul!

Håvard Tangen

## Lagsbudsjettet for 2008


Lagsstyret har lagt tilråding til budsjett 2008 fram for rådet, som har vedteke eit førebels budsjett som skal gjelde fram til årsmøtet.

Budsjettet byggjer på den føresetnaden at uttaket frå forretningane skal vere som det har vore i 2007. På utgiftssida må budsjettet ta omsyn til at det no er to heile stillingar på kontoret, medan budsjettet for 2007 berre la opp til 1,5 stilling.

Årsmøtet i 2007 auka løyvingane til særлага monaleg. I budsjettframlegget for 2008 får nokre av særлага mindre enn dei fekk i 2007, men alle får meir enn dei fekk i 2006. Lagsstyret har lagt vekt på kva planar særлага har lagt fram for 2008. Posten lagsmøte/festar har blitt kutta ned mange år på rad. Lagsstyret ser at det trengst meir pengar her, mellom anna for å kunne hente inn krefter utanfrå til tilskipingar i laget. Tilskipingar som vi lagar berre for oss sjølve eller saman med andre, kan få verknad som viktig sosialt lim i laget og som marknadsføring utetter. Vi må ha noko å rutte med slik at vi har ein viss handlefridom og kan ta initiativ.

Ombygging av teatersalen blir ei stor satsing i 2008. Lagsstyret legg opp til at årsmøtet skal vedta om prosjektet skal setjast i gang. For at årsmøtet skal få eit godt grunnlag for avgjerda, er det naudsynt å gjere mykje av forprosjekteringsarbeidet før årsmøtet. Årsmøtet i 2006 gav fullmakt til å låne inntil 1 mill. kroner frå forretningene til dette. Av denne summen er 400 000 kroner brukt i 2007. Lagsstyret legg opp til å bruke dei 600 000 kr som står att fram til årsmøtet. I tillegg har lagsstyret sett av 100 000 kroner på det vanlege budsjettet til dette føremålet.

Sveinung Helgheim



Attende til:

BUL, Rosenkrantz gt. 8, 0159 Oslo

## Lagskontoret

Kontortid kvardagar kl. 9–16

Sentralbord tlf. 2321 4160 lagskontor@bul.no

**NB: Lagslokala er stengt 22.12.2007–1.1.2008**

Kari Bøyum, dagleg leiar, tlf. 2321 4163

kari.boyum@bul.no

Oddfrid Bjørndal, kontormedarbeidar, tlf. 2321 4162

oddfriid@bul.no

Hege F. Pedersen, dagleg leiar Idrottslaget, tlf. 2321 4168

idrottslaget@bul.no, hege.pedersen@bul.no

Olav Aaboen, arrangement Idrottslaget, tlf. 2321 4169

Liv Hege Skagestad, prosjektleiar R8, tlf. 2321 4164

liv.hege.skagestad@bul.no

## Tillitsvalde

Lagsleiar: Wenche Blomberg, tlf. 2237 3810

wenche.blomberg@jus.uio.no

Nestleiar: Sveinung Helgheim, tlf. 2271 7205/ 9365 2209

shelgh@online.no

Ansvarleg redaktør for BUL-stikka: Wenche Blomberg

**REDAKSJON: bulstikka@bul.no**

## Jo, nye www.bul.no ER på veg

Mange har venta på ei fornying av heimesidene til laget. I januar blir den første milepælen passert når den første versjonen av *bul.no* skal vere oppe. Samtidig skal lagskontoret og nettansvarleg i særлага kursast.

Ei eiga nemnd har jobba med kravspesifikasjonar for kva dei nye sidene bør innehalde, og firmaet Orgdot er engasjert for å lage sidene. Det har vore eit stort problem at ikkje alle nettlesarane har greidd å lese den gamle nettsida, og at sidene tidvis har vore heilt utilgjengelege når eksterne brukarar har tasta inn *www.bul.no*. Difor byter vi no både publiseringssystem og nettenar for sidene. Det blir lagt opp til at det nye publiseringssystemet skal vere lett å bruke

## Kalenderen

### Januar

- 12. Nasjonalt friidrettsstemne, Ekeberghallen
- 16. Styremøte
- 26. Hiphophalling for barn/unge i Teatersalen
- 31. Frist for innsending av årsmøtesaker

### Februar

- 5. Årsmøte Leikarringen
- 21. Årsmøte Songlaget
- 23.-24. Holmenkollen Special Olympics, BVT-gruppa
- 28. Årsmøte Idrottslaget

### Mars

- 1. Nasjonalt friidrettsstemne, Ekeberghallen
- 26. Årsmøte i laget

## Viktige ymsar

### Kjellarrydding!

Særlaga må rydda vekk alt dei har ståande utanfor buene sine i kjellaren, og setje tydeleg namn på alle større ting som er lagra t.d. under scena - innan 10.1. Etter den datoen blir alt herrelaust køyrt på fyllinga.

### Golv i Teatersalen

er svært slitt, og vi skal få til ei enkel førebels vøling som skal halda eit års tid. Jobben blir gjort i romjula, og BHAS vil dekkje denne utgifta.

for tillitsvalde. Men også i framtida vil lagskontoret ha det overordna redigeringsansvaret for sida.

Nemnda gjer framlegg om at BUL i framtida får ein eigen nettredaksjon og redaktør som langt på veg erstattar redaksjonen for BUL-stikka, og at alle nemnder, råd og særlagsstyrer i laget får eigen nettansvarleg.

Atle Faye

### Forsterking av webgruppa

På eit møte 5. desember mellom folk frå lagsstyret, IL og webgruppa var det semje om å styrkje webgruppa med Anne Farseth frå IL, som får koordineringsansvar for arbeidet der.

Hugs stoff til: **web@bul.no**

